



Gustav Bergstø har framleis fleire jarn i elden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gustav Bergstø arbeider med to prosjekt for tida. Det er fiskebingeprojektet nedanfor Rosendalstunet - på Lars Johan Næs sin grunn - og flytekaiprojektet i Mauranger - på Jakob Gjerde sin grunn.

Verksemdsleiar Tormod Fossheim har no starta handsaminga av søknadane for prosjekta til Bergstø.

I samband med det skriv Fossheim at han lyt ha litt fleire opplysningar og har sendt to kart til Bergstø. På dei skal han teikna inn plassering og storleik av bingen og flåten samt eventuell tilkomstveg og parkeringsplass.

Bergstø må også varsle naboar.

Tiltaka treng dispensasjon frå kommunedelplanen og så snart kommunen får attende opplysningane frå Bergstø vil sakene bli sendt på høyring til regionale og statlege instansar.

Fossheim reknar med at sakene skal vera ferdigbehandla i god tid før våren 2008.

Av Ola Matti Mathisen